

## Møteinkalling

<b>Utval:</b>	<b>Ungdommens fylkesutval</b>
<b>Møtestad:</b>	Fylkesutvalsalen, Fylkeshuset
<b>Dato:</b>	17.12.2015
<b>Tid:</b>	16:00

**Dagsorden:**

KI 16:00-17:40 Sakshandsaming

KI 18:00-21:00 Juleavslutning, Zupperia Vaskerelven

Dersom nokon av utvalet sine medlemar eller varamedlemar ikkje kan møta og må melde forfall, vert dei bedne om å gjera dette snarast råd til til: [folkevalde@hfk.no](mailto:folkevalde@hfk.no).

Denne innkallinga gjeld valde medlemar og varamedlemar i Ungdommens fylkesutval.

Referat frå førra møte finn dykk på Politiske sakar (e-innsyn).

Agnes H. Bernes  
leiar

## Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 72/15	Godkjenning av innkalling		
PS 73/15	Godkjenning av saksliste		
PS 74/15	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 75/15	Referatsaker (Meldingar)		
RS 47/15	Uttale til fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett - frå Ungdommens fylkesutval	2014/560	
RS 48/15	Oversikt økonomi - per 10.12.2015	2014/560	
PS 76/15	Budsjett for Ungdommens fylkesting 2016	2014/560	
PS 77/15	Nettverkssamling 2015: Evaluering	2014/560	
PS 78/15	Årsmelding 2015 for Ungdommens fylkesting	2014/560	
PS 79/15	Ungdommens fylkesting 2016: Førebuing	2014/560	
PS 80/15	Ymse		

PS 72/15 Godkjenning av innkalling

PS 73/15 Godkjenning av saksliste

PS 74/15 Godkjenning av møtebok frå forrige møte





Fylkesordførar  
Utdelarar  
Gruppeleiarar

Dato: 06.11.2015  
Vår ref.: 2014/560-197  
Saksbehandlar: ingtakl  
Dykkar ref.: «REF»

## Uttale til fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett - frå Ungdommens fylkesutval

Ungdommens fylkesutval fekk presentert fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett på møtet 5. november 2015.

Ungdommens fylkesutval tek utgangspunkt i politikken som vart vedteke på Ungdommens fylkesting 15. februar 2015, og har derfor slike innspel til budsjettet:

Ungdommens fylkesutval meiner at forslaget til handlingsprogrammet til klimaplanen er ein god plan for å redusere klimagassutsleppa, men meiner det er feil at den største faktoren til klimagassutsleppa, *prosessutslepp frå industri og bergverk*, vert lagt lite vekt på i planen. Me syns og at *pilotprosjekt bilfri gate*, er eit svært godt initiativ.

Eit av måla til Ungdommens fylkesting er at «*Hordaland fylkeskommune må arbeide for å gjøre kollektivtransport meir attraktiv for ungdom*». Under dette målet er det tre tiltak:

a. *UFT meiner at prisen på ungdomskort ikkje bør overskride 45% av pris for periodeskyss for vaksne per månad*. UFU ser at UngSkyss nå er 46,8% av vaksenbillett. Det er viktig for ungdom å ha eit bra og rimeleg kollektivtilbod, da dette er ein målgruppe som ikkje har tilgang til bil. Særleg i distrikta, med lengre avstandar, er det viktig å kunne kome seg til dei tilboda som er, og da er det eit hinder om prisen vert for høg. Det vil gjøre terskelen for deltaking for ungdom høgare dersom pris for transport vert på eit slikt nivå at ungdomane sjølv eller familiene deira ikkje kan dekke det. UFU ber derfor politikarane om å sjå til at UngSkyss vert redusert til 350 kr, som er 45% av vaksenbillett. Ved å halde seg til 45% vil Skyss kunne sikre ein jamm utvikling som er i tråd med prinsippet om at ungdom skal ha ein redusert pris.

f. *UFU skal arbeide for gratis internett på kollektivtransport i fylket*. UFU skal arbeide for at det blir gratis internett på all kollektivtransport i fylket. Det er viktig å gjøre kollektivtransport mest mogleg attraktivt for andre, særskild ungdom. Internett er noko som kan hjelpe ungdommen å få sendt skulearbeid medan dei sit på bussen. Det ynskjeleg at det blir ført opp ein post til arbeid med å opprette gratis internett på all kollektivtransport.

h. *UFU skal jobbe for at ungdomskortet til skyss også skal gjelde busstider med nattakst*. Nattakst har vert eit stort hinder for ungdommar å bruke kollektivtransport om natta. Det er viktig å ha eit rimelig tilbod, også om natta, slik at folk kjem seg trygt heim. Det er derfor ynskeleg at nattaksten også skal gjelde med ungdomskortet, eller fjernast.

UFU ser at tiltaka vi ønskjer å få gjennomført vil vere ein kostnad for fylkeskommunen. Vi meiner at dette er ein prioriteringssak og at politikarane ved å gjøre slike tiltak visar at dei prioriterer ungdom. Når det er sagt ønskjer UFU å jobba mot generasjonsdiskriminering ved å føreslå at rabatt for honnørbillett og studentbillett vert jamstelt. På den måten ser UFU at fylkeskommunen kan dekke inn ein del av tapet ein gjer ved til dømes å halde UngSkyss til 45% av vaksenbillett.

Ungdommens fylkesting ynskjer midlar til at talet rådgivarar, samt deira stillingsprosent og tilgjengeleight, skal reflektere talet elevar ved skulen dei er rådgivar på. Uavhengig av elevtalet bør skulane ha rådgivar med minimum 70% stilling.

Ungdommens fylkesting ynskjer midlar til å opprette eit elev- og lærling ombod. Vi foreslår derfor en budsjettpost under opplæring og helse der det blir satt av MNOK 1. Dette talet har vi fårt at vi har sett på dei ulike fylkane rundt, der vi fann ut at Sogn og Fjordane har 834.000kr sidan 2013, og det står same tal frem til 2017 i deira budsjett.

Agnes Hoshovde Bernes  
Leiar  
Ungdommens fylkesutval

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*





Arkivnr: 2014/560-203

Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

**Saksframlegg**

**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	76/15	17.12.2015

**Budsjett for Ungdommens fylkesting 2016**

**Samandrag**

Ungdommens fylkesting har fått tildelt 280 000 kr i fylkesrådmannen sitt forslag til budsjett 2016. Ungdommens fylkesutval har tidlegare laga eit budsjett for å ha ein oversikt over økonomien. Eit slikt budsjett bør verte vedteke så snart som mogleg.

Administrasjonen har ikkje motteke dei store utgifta for nettverkssamlinga og kan derfor ikkje setje opp eit budsjett med basis i eit fullstendig rekneskap frå 2015. Administrasjonen føreslår derfor at saka vert utsett til første møte i januar.

**Forslag til avgjerd**

Saka om budsjett 2016 for Ungdommens fylkesting vert sett opp som ein sak på møtet i januar.

Stanley Hauge  
Leiar fylkessekretariat

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*



Arkivnr: 2014/560-198

Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	77/15	17.12.2015

#### Nettverkssamling 2015: Evaluering

##### Samandrag

Nettverkssamling 2015 vart heldt på Quality Edvard Grieg 21.-22. november. Det var ca 50 deltagarar påmelde, og tema for samlinga var utdanning. Blant anna hadde utvalseiar for kultur, idrett og regional utvikling, Emil Gadolin, og mobbeombodet i Hordaland fylkeskommune innlegg. Ungdommens fylkesutval var ansvarleg for program og gjennomføring av helga.

Det er andre gongen nettverkssamlinga har vore over to dagar med ein overnatting. Det var nokre påmelde deltagarar som ikkje møtte, og fleire drog før programmet var ferdig på søndagen.

Ein kan vurdere:

- Deltaking frå kommunane
- Deltaking frå Ungdommens fylkesutval
- Program
- Gjennomføringa av programmet
- Den sosiale delen av arrangementet
- Tidspunkt på året
- Hotellet
- Gjennomføring av det praktiske ved arrangementet av administrasjonen
- Og andre punkt

Vedlagt er svara på evalueringa av samlinga.

##### Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Stanley Hauge  
Leiar fylkessekretariat

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

<b>Postiv</b>	<b>Negativ</b>
Gøye leker, gøy å bli kjent med nye folk	Dårlig lørdagsmiddag og lunsj
Bra arrangement	For mye fritid
Bra miljø med gøye leker og flotte folk	Forbetre luftkvaliteten
Kjent med nye folk, innblikk i viktige politiske vedtak, uforglemmelege augneblink	Har ikke noe negativt
Godt opplegg, mange hyggelige folk, bra med en del pauser slik at vi får bevege oss ofte, gode leker	Har ingen negative kommentarer om helg :) Den har vært super!
Det sosiale var veldig bra, mage aktivitetar	Dårleg presentasjon av UFU frå byrjinga (manglande)
Solide presentasjoner av emne, gode leikar	Me burde fått gått til butikken om kvelden.
Bra program, med gøye workshops	Litt lite informasjon om utsjekking
Gøye leika og workshop	Var flinke, men kunne fått opplysningar om klokkeslett når alle var samla. Det gjekk liksom i rykter.
Alle er veldig inkluderende og snille, bra og interessant program	Betre/oftare busstider Sandsli-Bergen busstasjon
Jeg synes dere var utrolig	Lite vegetar i restaurant
Mange gøye leikar	Lite info om UFU/UFT og inkludering
Opplegget var balansert, varierte mellom jobb og sosialt	Var ikke basseng på hotellet
Sosiale leker, workshop, mat	Flere pauser utover dagen
Mykle bra informasjon, og flinke ledere	Mer utfyllende info før og under
Godt sosialt, godt program, flott med Emil	Lite info om UFU, osv
Den sosiale delen var veldig bra, og fekk eit betre samhold i gruppa	Ikke la alt handle om vgs. De på ungdomsskule kan lett føle seg utenfor. (Siden det nesten kun var snakk om vgs)
Jeg synes dere var utrolig flinke med de sosiale lekene	Tida skulle vært planlagt betre
Bra program, mye gruppearbeid og info	Julebordsgjester, ismaskinen var begrenset
Masse kjekke folk!!! Emil Gadolin	Altfor korte pauser
Workshop e festli	Maten kunne vært litt mer egnet for ungdom
Bra opplegg og jobbing med plaprogrammet og temaet fråfall	Planlagt tida betre
Sosialt og inkluderande diskusjoner, osv	Færre og lengre pausar
Likte at dette var eit sosialt arrangement med kjekke aktivitetar (både politiske og sosiale) som var utrolig kjekt og opplysningar	Mer opplæring/informasjon om UFU og UFT
Kjempebra opplegg! Mange kjekke folk, varierte oppgaver og veldig interessante tema – veldig lærerikt!	Hytte-messa spiste opp soft-is
Møt masse fine folk	Kunne hatt litt lengre pauser.
Mat, sosialt, gode forelesere, gøye oppgaver, interessante debatter	
Masse sosialt og bra opplegg	
Folk var flinke til å ha aktivitetar. Folk var inkluderende.	
Bra program og kule folk	
Blei kjent med mange nye folk. Veldig lærerikt, lærte masse nytt.	
Kjekke folk! Bra opplegg! Gode leikar og bra med pauser slik at folk ikkje blir rastløse.	
Workshopene	
Lett å bli kjent med andre, mye bra sosialt program	
Gøye oppgaver og leikar	



Arkivnr: 2014/560-201

Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

**Saksframlegg**

**Saksgang**

Utvål	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	78/15	17.12.2015

**Årsmelding 2015 for Ungdommens fylkesting**

**Samandrag**

Ungdommens fylkesting må presentere årsmelding 2015 for fylkestinget. Dette må gjerast seinast til fylkestinget i juni 2016. Årsmelding 2015 må og presenterast for Ungdommens fylkesting 12.-14. februar 2016.

Ungdommens fylkesutval må førebu, vedta og presentere årsmeldinga. Det har vore praksis at dei som er ansvarlege for eit område skriv årsmeldinga om det området.

**Forslag til avgjerd**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Stanley Hauge  
Leiar fylkessekretariat

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*



Arkivnr: 2014/560-202

Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	79/15	17.12.2015

### Ungdommens fylkesting 2016: Førebuing

#### Samandrag

Ungdommens fylkesutval har vedteke at Ungdommens fylkesting 2016 vert halde 12.-14. februar på Quality Hotel Edvard Grieg. Innkalling til tinget må ut 2 månader før tinget. Vedlagt er eit utkast til ein invitasjon.

For at delegatane skal kunne førebu seg til tinget må ein del dokument skrivast og sendast ut til ungdomsråda. I fjar vart desse dokumenta sendt ut:

- Program
- Dagsorden
- Forretningsorden
- Budsjett 2016
- Reglement for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval
- Ungdommens fylkesting frå A til Å
- Årsmelding og rekneskap 2015
- Ungdommens planprogram 2015
- Ungdommens planprogram 2016, forslag
- Forslag til nye vedtekter

Desse dokumenta må sendast ut seinast 10 dagar før Ungdommens fylkesting, men alt som ungdomsråda må drøfte før tinget bør kome ut så tidleg at dei har moglegheit til å ta det opp på eit møte i ungdomsrådet.

#### Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Stanley Hauge  
Leiar fylkessekretariat

Ingeborg Borgen Takle  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

PS 80/15 Ymse